


Valdresmusea as

Til Det Kongelige Finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo



Fagernes 16. juni 2008

Høyringsfråsegn NOU 2008:7 Kulturmomsutvalet Valdresmusea as

Valdresmusea as vil gjerne støtte konklusjonane i Kulturmomsutvalet/NOU 2008:7. Vi har sett dette ut i frå det konsoliderte regionmuseet og ut i frå det nasjonale Bunad- og folkedraktrådet.

- Med breiddemodellen blir alle museum handsama likt, same fordelar, same pålegg, same refusjonar uansett eigarskap/organisasjonsmodell. Dette vil fungere meir rettvist – og som ein konsekvens av den store museumsreformen.
- Alle museum som henvender seg til styresmaktene vil få same svar og same tilhøve ang. mva.
- Det vil gjera det lettare for musea å kjøpe/selja tenester i høve kulturvernkompetanse og anna arbeid regionalt.
- Vi vil få ei enklare administrasjon og rekneskapsføring utan differensiering av ulik mva. knytt til servering, museumsbutikk, ulike tenester/prosjekt, og såleis styrke arbeidet med eigeninnteninga vår.
- Vi vil sleppe å bruke masse tid på å sende dokumentasjon av utgifter vi kan få refusjon av, og så erfare at vi har brukt tid på ein refusjonssøknad der vi får lite att.
- Museumsreformen har ført til ei styrking av museumsinstitusjonane, og i mange høve og ført til auka investering/aktivitet innan bygging, nybygg, ombygging, større utstillingar, formidlingsprosjekt etc. Med frådrag for inngåande moms vil ein få meir kultur/museum for pengane. Dette gjeld Valdresmusea som har stramme rammer for vårt nybygg, men som nå kan få meir innhald i bygget innanfor same finansieringsramme.
- Vi har frå nyttår teke over det tidlegare statlege Bunad- og folkedraktrådet som tidlegare hadde fullt frådrag på inngåande mva. Vi har alt sett at det blir mindre aktivitet for same statlege løyving slik stoda er nå.

Vi vonar utvalet si innstilling blir vedteken, og at vedtaket blir sett i verk så raskt som mogeleg. La musea få skape mest mogeleg museumsverksemd for både offentlege løyvingar og eigeninntening!

Med venleg helsing

Aslag Lajord
styreleiar
sign.

Torveig Dahl
direktør